



NR 7 05/06

Informasjon til heimen

Torsdag 16. februar 2006

Offisiell opning av skulen vår

Det var utdanningsdirektør i Hordaland Kjellbjørg Lunde som stod for den offisielle opninga av Sagvåg skule torsdag 9.februar. Saman med ordførar Magne Rommetveit, mange gjester og elevane var ho med på gjere dette til ein minnerik dag for alle oss ved Sagvåg skule.

Etterpå var det bollar og brus til alle elevane og kake og kaffi til dei vaksne!



Trong snuplass for bussen

Både HSD og skulen har vore lite nøgd med snuplassen inne på skuleområdet.

Etter at prosjektleiar Kjell Nesbø no har vore i kontakt med arkitektfirmaet i Trondheim kom det fram at rundkøyninga eigentleg ikkje var tiltenkt buss. Rundkøyninga var berre meint for foreldre som set av borna og bossbilen.

Resultatet av denne avklaringa er at HSD frå og med måndag 20.februar nyttar busshaldeplassen ved riksvegen når elevane skal av og på bussen. Når elevane stiller opp etter skuletid vil dei ha følge av ein lærar.

Og Kari Almås har oversikt over detaljane:

Om morgonen går det ekstrabuss frå Vikanes kl. 08.15. Den køyrer ut og snur i Dybvik og set elevane av på returen.

Elevar frå Dybvik tek buss som før.

Måndag til fredag går det drosje til Dybvik kl. 13.05.

Måndag og onsdag går det drosje til Dybvik kl. 14.00.

Fredag går det drosje til Dybvik kl. 12.00.

Elevane som skal til Vikanes får buss etter skuleslutt til same tidene som før. No må dei gå til buss-stoppen ved rv. 545. Bussen køyrer til Dybvik og tek elevane opp på tilbakevegen. Det vil vere vaksne som har tilsyn med elevane medan dei ventar på bussen.

Kari Almås (Tlf. 975 52 196)

Kjøp av enkeltdagar i SFO for alle i 1.-4.steget (Også dei som ikkje nyttar SFO til dagleg)

No kan de kjøpa enkeltdagar i SFO for kr 200,- pr.dag når skulen elles har fri. Dette gjeld m.a. dei fem dagane i vinterferien.

Då vilkåra vart endra midt i skuleåret vart det bestemt at foreldre som har inngått avtale om utvida brukarår skuleåret 2005/06 får behalda den gamle ordninga og prisen ut skuleåret. Foreldre som ikkje har avtale om utvida brukarår, kan kjøpa enkeltdagar.

Dei av dykk som vil nytte tilbodet om kjøp av enkeltdagar må melde frå om dette innan

22.februar.

Dette er dei aktuelle datoane våren 2006:

Vinterferien: måndag 27/2 tysdag 28/2 onsdag 1/3 torsdag 2/3 fredag 3/3

Påskeferien: måndag 10/4 tysdag 11/4

Meld frå til: sagvaag.skule@stord.kommune.no

Lars Bakka
-rektor-

NB!

Onsdag 22.februar
vert det open skule med omvising
for alle som endå ikkje har sett
den nye skulen vår
frå kl 16.00-18.00
Det vert felles informasjon i amfiet
med omvising
kl 16.00 og ny runde kl 17.00